

# NORSK KULTURRÅD

ÅRSMELDING 2007



NORSK  
KULTURRÅD

Copyright © 2008 by Norsk kulturråd  
All rights reserved  
Utgjeve av Norsk kulturråd i kommisjon hos Fagbokforlaget

Grafisk produksjon: John Grieg AS, Bergen

Omslagsdesign ved forlaget  
Sideombrekking: Laboremus Prepress AS  
Framsidedilete: Marte Aas: Screens and Hedges # 4. © Marte Aas / BONO 2008

Sekretariatfunksjonen til Fond for lyd og bilete og Statens kunstnarstipend er administrativt tilknytt og samlokalisert med Norsk kulturråd. Fond for lyd og bilete og Statens kunstnarstipend har egne styrande organ og gjev ut egne årsmeldingar.

Norsk kulturråd  
Grev Wedels plass 1  
Postboks 101 Sentrum  
N-0102 Oslo  
Tlf: +47 22 47 83 30 Faks +47 22 33 40 42  
[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)

# Innhold

Innleiing .....	5	Tildelingar og innkjøp i 2007 .....	22
Vigdis Moe Skarstein: Kunst i rørsle ....	6	Litteratur .....	22
Råd og utval .....	7	Biletkunst og kunsthandverk.....	40
Administrasjonen .....	10	Musikk .....	51
Informasjonsverksemd .....	11	Scenekunst .....	69
Forsking og utvikling .....	13	Kulturvern .....	78
Disponering av kulturfondet .....	15	Rom for kunst.....	81
Fylkesvise oversikter og fordelingar..	17	Barne- og ungdomskultur .....	83
Administrasjonsutgifter .....	21	Andre føremål .....	87
		Tverrfaglege saker .....	89
		Allmenne kulturføremål – post 74 .....	91
		Faste scenekunstgrupper – post 74..	93
		Den kulturelle skulesekken .....	94
		Tilskot frå EUs kulturprogram i 2007 ...	95



# Innleing

Norsk kulturråd vart oppretta i 1965 og har som hovudoppgåve å stimulere det profesjonelle kunstlivet, styrkje kulturvernet og gjere kunst- og kulturverdiar tilgjengelege for så mange som mogleg. Kulturrådet forvaltar Norsk kulturfond, er eit rådgjevande organ for staten i kulturspørsmål og tek initiativ til forsøks- og utgreiingsverksemd på kulturområde der det trengst ein ekstra innsats.

Stortinget løyvar kvart år ein sum til Kulturfondet. I 2007 var fondet på 300 millionar kroner. Kulturrådet fordeler midlane i Kulturfondet dels på grunnlag av dei rundt fem tusen søknadene som kjem inn kvart år, og dels på område der rådet sjølv meiner at det trengst ein særskild innsats. Rådet fordeler midlane til fondet ut frå fagleg og kunstnarleg skjønn i samsvar med føremåla til fondet. Eit viktig grunnlag for forvaltninga av Kulturfondet er dei generelle kulturpolitiske prioriteringane som regjeringa og Stortinget fastset. Innanfor desse rammene avgjer Norsk kulturråd korleis bruken av midlane til fondet skal prioriterast. Kulturrådet er i tillegg delegert forvaltningsansvaret for ein del faste kulturtiltak frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

Kulturrådet arbeider med desse fagområda: litteratur og tidsskrift, biletkunst og kunsthåndverk, musikk, scenekunst, kulturvern, kulturbygg og barne- og ungdomskultur. I tillegg har Kulturrådet ei eiga Forskings- og utviklingsavdeling og er nasjonalt kontaktpunkt for kulturprogrammet til EU.

Kulturrådet har 13 medlemmer, der ni blir oppnemnde av regjeringa – to etter forslag frå KS – og fire blir oppnemnde direkte frå Stortinget. Åtte

faglege utval, andre utval for særskilde formål og ankenemnder blir oppnemnde av rådet.

Strategien til rådet for inneverande periode (2005–2008) er å arbeide for å styrkje mangfaldet av kunst- og kulturuttrykka i samtida og gjere kulturtradisjon og kulturvern tilgjengeleg for flest mogleg. Dette inneber å gjere breidda av profesjonell kunst og kultur meir synleg og arbeide for betre vilkår for kunstnarleg produksjon og formidling til eit stadig meir samansett publikum på nye visingsarenaer og møteplassar. Kvalitet, profesjonalitet og mangfald er sentrale verdiar i arbeidet til rådet.

Følgjande mål er overordna i inneverande rådsperiode:

- Utvikle rolla og rommet til kunsten i offentlegheita
- Styrkje produksjon, formidling og dokumentasjon av dei profesjonelle kunst- og kulturuttrykka i vår tid
- Heve kvaliteten på kunst og kultur for og blant barn og unge

Kulturelt mangfald inngår som ein integrert del av Kulturrådets verksemd. Alle søknader med ein mangfaldsdimensjon vart i 2007 behandla innanfor eksisterande rutinar og ordningar.

I forbindelse med annonseringa av Mangfaldsåret 2008 har rådet ved fordeling av prosjektmidlar frå og med hausten 2007 vektlagt prosjektsøknader med ein mangfaldsdimensjon. Tiltak som knytte seg til vidareutvikling av det kulturelle mangfaldet, hadde eit samla tilskot på 20,6 mill kr i 2007.

# Kunst i rørsle

Kunst- og kulturytringar følgjer ikkje nasjonale grenser, og dei er ikkje baserte på noka felles nasjonal forståing. Heldigvis. I så fall vart det ikkje kunst.

Dette er ei viktig erkjenning ikkje minst for verksemda til Kulturrådet. Den er basert både på erfaringar med kva folk søker om hos oss, og på å følgje med på det som skjer nasjonalt og internasjonalt innanfor dei ulike estetiske og kulturfaglege områda. Det litt meir forslitne, men likevel relevante uttrykket går på eit forsterka behov for mangfald i vid forstand. Mangfald – gjeld både innhald og kreativitet og tilrettelegginga for dette.

Rørsle på tvers av nasjonale grenser pregar utviklinga av kunstlivet i Noreg enda sterkare enn før. Dagens kunstnarar vekslar i høgt tempo mellom dei store metropolane og Noreg. Stadig fleire kunstnarar byggjer nettverk og søker fagleg fordjuping gjennom opphald verda over. Talet på kunstnarar som tek del på internasjonale arenaer aukar, og utveksling på tvers av landegrenser blir intensivert. Den globale kommunikasjonen påverkar kunstlivet på mange måtar. Kulturelle tradisjonar og kunstnarlege uttrykk som tidlegare var oppdelte av geografi og sjangrar, kryssar no slike grenser, og vi får nye hybride kulturuttrykk og kunstpraksisar.

I Kulturrådet merkar vi den internasjonale dreininga ved at ein stadig større del av søknadene dreiar seg om støtte til utstillingar eller prosjekt utanfor Noreg. På den instrumentelle sida blir mandatet til Kulturrådet òg utfordra av internasjonaliseringa og globaliseringa av kunsten. Vi som har som mandat å støtte norsk kunst, ser at dette stadig blir vanskelegare å avgrense.


For å få større innsikt i det globale mangfaldet til kunsten og for å dele innsikta og tankane om dette med aktørane i kunst- og kulturlivet valde vi å fokusere på *kunst i rørsle* på årskonferansen til Kulturrådet i Stavanger i 2007. Det er naudsynt med ein kontinuerleg debatt og dialog for å forstå utviklinga betre. Dette er ei av oppgåvene til Kulturrådet.

Det er òg viktig med kontinuerleg debatt om og vurdering av måten midlane til kunst og kultur blir forvalta og løyvde på, for å bidra til den kontinuerlege utprøvinga av nye kunstnarlege uttrykk i kunstfeltet der nye kvalitetsomgrep bryt mot meir etablerte.

Kulturrådet helsar difor velkomen at Løkenutvalet har byrja arbeidet med å sjå på strukturar og tildelingar på kulturområdet, og at Kulturrådet er ein av dei institusjonane som blir vurdert og evaluert. Alle ordningar må gjennomgåast med jamne mellomrom for å ha legitimitet.

Med utgangspunkt i desse refleksjonane kan vi kanskje seie at kunsten både estetisk og forvaltningsmessig har vore i rørsle i 2007.

Eit variert kunsttilbod føreset både eit kvantitativt og et kvalitativt mangfald. For å få mangfald må vi difor både fokusere på kreativitet og på dei forvaltningsmessige føresetnadene for å oppnå dette. Sjølv om vi altså meiner at ein ikkje einsidig kan forvalte seg til god kunst.



Vigdis Moe Skarstein, rådsleiar

# Råd og utval

## Norsk kulturråds medlemmer og varamedlemmer 2005–2008



Vigdis Moe  
Skarstein

Ivar Roger  
Hansen

Ottar  
Grepstad

Bentein  
Baardson

Per Kvist

Marit Moum  
Aune

Bergljót  
Jónsdóttir

Leiar: Vigdis Moe Skarstein, nasjonalbibliotekar, Oslo

Nestleiar: Ivar Roger Hansen, museumsdirektør,  
Alstadhaug

Ottar Grepstad, direktør, Volda

Bentein Baardson, frilans teaterinstruktør, Oslo

Per Kvist, dekan, Bergen

Nazneen Khan-Østrem, høskulelektor, Oslo (i m)

Bergljót Jónsdóttir, konsulent, Bergen (t.o.m april  
2007)

Marit Moum Aune, teaterinstruktør, Oslo (f.o.m  
juni 2007)

Varamedlem: Arild Bergstrøm, biletkunstnar, Fjaler

Varamedlem: Direktør Torunn Herje, Rørvik

Varamedlem: Cecilie Løveid, forfattar, København

Varamedlem: Anne Grete Eriksen, professor, Oslo

Varamedlem: Aslaug Juliussen, tekstilkunstnar, Karasjok

Varamedlem: Frode Sannum, rådgjevar, Lillehammer

Varamedlem: Vegar Snøfugl, dagleg leiar, Trondheim

Varamedlem: Leif Værum Larsen, høskulelektor,  
Stavanger

Varamedlem: Kjellaug Nakkim, tidl. stortingsrepre-  
sentant, Moss

Varamedlem: Kristin Aase, dagleg leiar, Oslo

Varamedlem: Lars Lauvhjell, ordførar, Sønedeled

### Medlemmer oppnemnde etter forslag frå KS:



Aud Folkestad

Liv Sandven

Aud Folkestad, rektor, Stranda

Liv Sandven, rektor, Trondheim

Varamedlem: Linda Beate Randal, konsulent, Kirkenes

Varamedlem: Oddleiv Olavsens, fylkespolitikar, Bodø

### Medlemmer oppnemnde av Stortinget:



Aina Holst

Knut Haavik

Theo Koritzinsky

Hallgrim Berg

Aina Holst, geograf, Trondheim,

Knut Haavik, ansvarleg utgjevar, Oslo

Theo Koritzinsky, førsteamanuensis, Oslo

Hallgrim Berg, kulturist, Ål

### Arbeidsutvalet

Vigdis Moe Skarstein, Ivar Roger Hansen, Bentein  
Baardson, Theo Koritzinsky, Liv Sandven

### Møte i rådet og arbeidsutvalet

Rådet hadde seks møte og arbeidsutvalet hadde sju  
møte i 2007.

### Utval oppnemnde av rådet

Rådet har faste, faglige utval som førebur saker og gir tilrådingar i handsaminga av søknader om tilskot, lagar utkast til fråsegner m.m. Fagutvala er delegert vedtaksrett i fråsegner og løyvingar etter eigne reglar. I tillegg har rådet mellombelse utval til ulike utgreiingar, prosjekt og forsøk.

### Norsk kulturråds faglege utval i 2005–2008

#### Litteratur

Ottar Grepstad (leiar)  
Knut Haavik (nestleiar)  
Morten Harry Olsen,  
John Brumo  
Tone Selboe  
He Dong  
Ingeborg Mjør

Ein representant for ABM-utvikling møter som observatør.

#### Biletkunst og kunsthåndverk

Per Kvist (leiar)  
Marit Paasche (nestleiar)  
Ellen Røed  
Jeannette Christensen  
Per Formo  
Alexander Grüner

#### Scenekunst

Bentein Baardson, (leiar)  
Jon Tombre, (nestleiar)  
Anne-Britt Gran  
Therese Bjørneboe  
Preben Faye-Schjøll (første del 2007)  
Per Roar, koreograf

#### Fagleg utval for dans

Hooman Sharifi (for 2006 og 2008)  
Per Roar  
Ingunn Rimestad  
Melanie Fieldseth

#### Fagleg utval for musikk

Ivar Roger Hansen (leiar)  
Hilde Bjørkum (nestleiar)  
Vegar Snøfugl  
Jon Skjerdal  
Cecilie Ore  
Hallgrim Berg

### Fagleg utval for kulturvern

Aina Holst (leiar)  
Roger Erlandsen  
Astri Fremmerlid  
Kjersti Schanche  
Jo van der Eynden (gjenoppnemd)  
Arnfinn Engen, (gjenoppnemd)

### Fagleg utval for barn og unge

Aud Folkestad (leiar)  
Alfhild Skaardal (nestleiar)  
Leif Hernes  
Samira Jamouchi  
Lars Ove Seljestad  
Svein Spjelkavik

### Fagleg utval for rom for kunst og andre formål

Bergljót Jónsdóttir (t.o.m april 2007)  
Marit Moum Aune (f.o.m juni 2007)  
Hans Hamid Rasmussen,  
Fritz Håkon Halvorsen

### Forsking og utgreiingsutvalet

Pål Repstad (leiar), Kristiansand  
Sigrid Røyseng (nestleiar), Bø i Telemark  
Theo Koritzinsky, Oslo  
Odd Are Berkaak, Oslo  
Knut Kalgraff, Skjåk  
Solbjørg Rauset, Oslo  
Gunhild Molle Strand (observatør frå Kulturdepartementet)

### Andre litteraturutval

#### Vurderingsutvalet for prosa

Anne Karin Torheim, vara: Atle Næss  
Janike Kampevold Larsen, vara: Erling Sandmo  
Knut Oterholm, vara: Kirsti Opstad

#### Vurderingsutvalet for lyrikk

Kristine Næss, vara: Hanne Bramness  
Marit Grøtta, vara: Frode Helmich Pedersen  
Lisbet Pettersen Wærp, vara: Ole Karlsen

#### Vurderingsutvalet for dramatikk i bokform

Gunnar Germundson, vara: Erling Kittelsen  
Elisabeth Leinslie, vara: Amund Grimstad  
Frode Helland, vara: Alvhild Dvergsdal  
Alf Kjetil Walgermo



**Vurderingsutvalet for barne- og ungdomslitteratur**

Marit Kaldhoel, vara: Jon Ewo  
Vibeke Mowinckel Lorentz, vara: Tone Helene Farset Eliassen  
Jonas Bakken, vara: Andrine Pollen

**Vurderingsutvalet for sakprosa**

Aslaug Nyrnes  
Stig Sæterbakken, vara: Thure Erik Lund  
Sindre Hovdenakk, vara: Camilla Stoltenberg  
Eli Randmo, vara: Morten Haugen

**Vurderingsutvalet for fagbøker for barn og ungdom**

Akin Duzakin  
Bjarte Bakken  
Eve-Marie Lund  
Inger Østenstad  
Vara: Sigrun Hindar, Espen Farstad

**Underutvalet for biletbøker – barn og unge**

Ingeborg Mjør  
Trude Tjensvold  
Lasse Kolsrud  
Tania Kjeldset

**Teikneserieuutvalet**

Eirik Ildahl  
Dag Frognes  
Morten Harry Olsen  
Siri Dokken

**Tidsskriftutval**

Jørgen Lorentzen  
Helga Gunerius Eriksen

**Andre biletkunstutval**

Underutvalet for kunst og ny teknologi  
2005–2008  
Ellen Røed (leiar)  
Bergen Kristin Bergaust  
Bjarne Kvinnsland

**Tildelingskomiteen for utstillingsstipend 2006–2007**

Tom-Erik Lønnerød, vara: Andreas Rishovd  
Anne Szefer Karlsen, vara: Verena Winkelmann  
Ansgar Ole Olsen, vara: Tone Merete Hellerud  
Vibeke Slyngstad, vara: Jørgen Larsson

**Andre musikkutval****Innkjøpsordninga for fonogram**

Liv Sandven (leiar)  
Tore Johansen  
Marit Karlsen  
Lene Grenager  
Hallgrim Berg

**Turné- og arrangørstøtte for rock og populærmusikk (TARP)**

Frank Nes (leiar)  
Kristin Winsents  
Anneli Drecker  
Stein Bjelland  
Øyvind Holen

**Utvalet for musikkfestivalar**

Morten Mølster (leiar)  
Håkon Berge  
Ulla-Stina Wiland  
Mikal Telle  
Helene Høye

**Utvalet for kyrkjemusikk**

Gro Bergrabb  
Ragnar Rasmussen  
Harald Rise  
Harald Herresthal (vara)

**Andre utval, barn og unge**

Underutvalet for barne- og ungdomsblad  
Anne Birgitte Rønning  
Lars Ove Seljestad

**Andre utval, scenekunst**

Underutvalet for dramatikk og annen scenetekst  
Finn Iunker  
Tale Næss Lysestøl  
Lene Therese Teigen

# Administrasjonen

Bull, Ole Jacob	Direktør
Skjeldal, Guri	Assisterende direktør
Fortun, Unni	Avdelingsdirektør

Aslaksen, Ellen	Forskning og utvikling
Bakke, Tove	Litteratur og tidsskrift
Bjerke, Astrid	EUs kulturprogram (permisjon frå 01.10)
Bjørgan, Ingeborg Kværne	Musikk
Bjørknes, Trond	Musikk
Bærøe, Birgit	Kulturbygg
Christensen, Vera	Arkiv
Engelsen, Rolf	Scenekunst
Dahl, Janne, Stang	Informasjon
Falch, Grete Karin	Statens kunstnarstipend
Finess, Mari	Litteratur og tidsskrift
Fjeldstad, Anton	Litteratur og tidsskrift
Færøvig, Sjur H.	Musikk
Gundersen, Oddlaug	Rekneskap
Hansen, Grethe Wallin (vikar)	Arkiv
Hauge, Astrid Johanne	Musikk (permisjon frå 01.02.)
Halstvedt, Wenche	Rekneskap
Henriksen, Dag Sverre	Arkiv
Hjelen, Åse Karin	Statens kunstnarstipend
Høgset, Cathrine N.	Barne- og ungdomskultur
Indahl, Grete	Scenekunst
Johansson, Tonje	Musikk
Jonassen, Trond	IT
Kalvatn, Stig Johan	Kulturvern

Kumar, Sathees	IT
Liland, Anne Marie	Statens kunstnarstipend
Krok, Karin	Fond for lyd og bilete
Komissar, Mariann	Barne- og ungdomskultur
Lippe, Preben von der	Musikk
Meier, Kari	Rekneskap
Nguyen, Kim	Rekneskap
Næss, Lasse	Arkiv
Olsen, Hans Henrik	Biletkunst og kunsthåndverk
Poppe, Noëlle	EUs kulturprogram (frå 17.09.)
Richenberg, Ole	Fond for lyd og bilete
Rustad, Monica F	Arkiv
Sannæs, Borghild	Personal
Simonsen, Mie Berg (engasjement)	Forskning og utvikling
Smith, Richard	Statens kunstnarstipend/musikk
Solbu, Birgitte	Rom for kunst (frå 15.11.)
Stensrud, Mona	Statens kunstnarstipend
Stokke, Ragnfrid	Biletkunst og kunsthåndverk (til 31.07.)
Sunde, Heidi Nesttun	Informasjon
Svarva, Yrjan	Scenekunst
Sveia, Karin-Anne	Resepsjon/sentralbord
Sørnes, Hilde (vikar)	Musikk (frå 01.03.)
Taipale, Riikka (vikar)	Informasjon (til 16.06.)
Vestbø, Arne	Litteratur og tidsskrift (frå 01.09.)
Vaaler, Bjørn Vidar (vikar)	Musikk, scenekunst
Wister, Tom Ivar	Musikk (frå 01.08.)
Øen, Karl Gunnar	Biletkunst og kunsthåndverk
Aamodt, Ane	Forskning og utvikling

# Informasjonsverksemd

I 2007 har Kulturrådet konstatert fleire utviklings-trekk som spenner over heile ansvarsområdet til rådet. Produksjons- og formidlingsformer så vel som sjangerdefinisjonar og kunstformer er i endring. Teknologisk utvikling, internasjonalisering og nye produksjons- og samarbeidsformer blant eit mangfald av aktørar og institusjonar reiser mange interessante spørsmål om organisering av kunstfeltet. For Kulturrådet er det viktig å ha ei openheit, ein fagleg kompetanse og ei tilskotsorganisering som klarer å møte endringar innanfor kunstfeltet.

Det blir lagt stor vekt på at informasjonen om verksemda til Kulturrådet heile tida skal vere tilgjengeleg, også fordi det er viktig å stimulere til offentleg kritikk av og debatt kring avgjerdene som blir tekne. Utviklinga av plassen til kunsten i offentlegheita er eitt av hovudsatsingsområda til rådet. Det inneber blant anna ei erkjening av den viktige rolla til kunstkritikken og av kor viktig det er at det finst tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for innsikt og ein informert offentleg debatt om kunst og kultur.

Gjennom forskingsbaserte utgreiingar og evalueringar, nyhendebrev, nettsider, rapportar og seminar bidreg Kulturrådet til at eit slikt kunnskapsgrunnlag og ein open diskusjon finst.

## **Kulturrådet sin skriftserie: utgreiingar, evalueringar og informasjon**

Det vart gjeve ut sju trykte rapportar i 2007 (sjå FoU s. 13). Skriftserien til Kulturrådet blir lagt ut for sal i bokhandlane og blir òg brukt som pensumlitteratur ved fleire universitet og høyskular. Alle utgjevingane i 2007 er gjennom Fagbokforlaget. Publikasjonane er tilgjengelege både i trykt form og som filer som kan lastast ned frå nettsidene til Kulturrådet.

I 2007 gav Kulturrådet ut eit hefte som samanfatta norsk deltaking i kulturprogrammet til EU i tidsrommet 2000–2006. Heftet inneheldt òg informasjon om det nye Kulturprogrammet 2007–2013. I tillegg gav Kulturrådet i samarbeid med ABM-utvikling og Riksantikvaren ut brosjyren «Støtte til prosjekter» med informasjon om europeiske og norske tilskotsordningar for kultursektoren, kunnskaps- og kulturminnesektoren.

## **Nyhendebrev**

Kulturrådet har gjeve ut sju elektroniske nyhendebrev i 2007. Nyhendebrev presentere aktuelle saker til offentlegheita: artiklar om tiltak som har fått tilskot, nye rapportar, pressemeldingar, seminar og aktuelle nyhendesaker frå Kulturrådet. Talet på abonnentar var omlag 2 200. Nyhendebrevet blir òg lagt ut på nettsidene. Fleire artiklar frå nyhendebrevet til Kulturrådet vart vidareformidla i eksterne medium (med løyve frå Kulturrådet).

## **www.kulturrad.no**

Kulturrådet lanserte nye nettsider i mars 2007. Nettsidene er ein viktig reiskap for å kommunisere verksemda ut i offentlegheita. Nettsidene inneheld søknads- og verksemdsinformasjon, tilskotslister, redaksjonelle nyhendesaker, kalender, rådsreferat og presseklipp med innslag frå eksterne medium som omhandlar Kulturrådet. Rapportar, utgreiingar, årsmeldingar, strategi- og handlingsplan og statistikk er tilgjengeleg via nettsidene. Sidan lanseringa i mars viser statistikken 1,75 millionar besøk i 2007.

## Mediestatistikk

Statistikken viser at 1 251 artiklar i norsk presse omhandlar Norsk kulturråd i 2007. Alle elektroniske presseklipp blir dagleg publiserte på nettsidene til Kulturrådet. Dette er ein viktig del av formidlingsarbeidet til Kulturrådet og viser kor og på kva måte Kulturrådet blir diskutert, og korleis verksemda ytrar seg i medieoffentlegheita.

## Årskonferansen 2007

Årskonferansen *Kunst i bevegelse – om internasjonalisering av kunstlivet* vart arrangert i Stavanger 15.–16. november 2007. Temaet var korleis kunstproduksjon og -formidling på tvers av nasjonale grenser pregar utviklinga av kunstlivet i Noreg. Aktørar frå kulturinstitusjonar og det frie kunstfeltet var inviterte som innleiarar og paneldeltakarar for å diskutere globaliseringsprosessar og effekten av offentlege satsingar i kunstfeltet. Nærare 300 kulturaktørar frå heile landet deltok på konferansen.

## Seminar 2007

Kulturrådet var arrangør eller medarrangør på følgende seminar i 2007:

9. februar:	Kulturrådet og TARP. Seminar på by:arm. Trondheim.
21. mars:	Ulike forståelser av <i>hva</i> kulturarv betyr for samfunnet. Vi vrir og vrenger på begrepet. Arr: Kaff-prosjektet v/ Kulturrådet, ABM og Riksantikvaren. Oslo.
22.–23. mars:	Kulturpolitikken og publikum. Arr: UiB, Fritt Ord og Kulturrådet. Bergen.
23.–25. mars:	Lansering av evalueringa av <i>Kunstneriske Forstyrrelser</i> på SKINNs fagseminar. Arr: SKINN og Kulturrådet. Bodø.

9. mai:	DUS – Den unge scene? Scenetekst for ungdom – erfaringar og utfordringar. Innvik, Oslo.
10.–11. mai:	Scenetekst-seminar, Det åpne teater, Oslo.
10. mai:	Informasjonsseminar om EUs kulturprogram og Interreg., Glomdalsmuseet i Hedmark.
23.–24. mai:	Informasjonsseminar om EUs kulturprogram og Media-programmet. Hammerfest og Vadsø.
23.–24. august:	Den tredje nordiske konferansen om kulturpolitikkforskning. Arr: Høgskolen i Telemark avd. Bø, Telemarksforskning og Norsk kulturråd. Bø i Telemark.
7. september:	Informasjonsmøte om nasjonale, nordiske og europeiske tilskotsordningar. Arendal.
8. og 9. oktober:	Musikk og Kjønn. Samarbeid mellom MIC, NTNU, Norsk jazzarkiv og Norsk kulturråd. Oslo.
23. oktober:	Kulturpenger i lufta – informasjonsseminar om støtteordningar, Steinkjer.
30.–31. oktober:	Samfunn i endring – kulturarvens betydning. Konferanse i regi av Kaff-prosjektet. Lillehammer.
15.–16. november:	Norsk kulturråds årskonferanse <i>Kunst i bevegelse</i> . Stavanger.
11. desember:	Oppland i Europa. Lillehammer.

## Norsk kulturråds ærespris

Kulturrådet har kvart år sidan 1968 delt ut *Norsk kulturråds ærespris* til ein person som har gjort ein vesentleg innsats for norsk kulturliv. I 2007 gjekk prisen til Jon Eikemo.

«Fordi inga oppgåve har vore for stor eller for lita, har Eikemo lukkast i å få ut kvalitetskunsten sin til eit breitt publikum over heile landet. Han viser at det er mogleg å bruke sitt eige språk på scena,» heitte det i grunngjevinga frå Kulturrådet. Prisen var 500 000 kr og ei bronseløve av Elena Engelsen. Æresprisen vart delt ut under ein seremoni i Oslo konserthus den 6. desember.

# Forskning og utvikling

Kulturrådets avsetjing til FoU-verksemd var i 2007 på 2 millionar kr. Kulturrådets forskning og utviklingsseksjon har ansvar for forskning, utgreiing og evaluering, i tillegg til intern og ekstern kunnskapsformidling og rådgjeving. Hovudmålet for verksemda til seksjonen er å produsere og formidle forskingsbasert kunnskap både til Norsk kulturråd og til kunst- og kulturfeltet i vid forstand. Samla utgjer dette kunnskapstilfanget eit viktig grunnlag for dei fortløpande vurderingane Kulturrådet gjer av verkemiddel i kulturpolitikken.

Forskningsprosjektet *Lokalt kulturliv i endring* starta opp i januar 2007. Prosjektet blir gjennomført av DIA-forsk og Norsk senter for bygdeforskning og har som føremål å undersøkje strukturendringar, økonomi og tenkjemåtar i lokalt kulturliv og lokal kulturforvaltning. Målet er å skaffe kunnskap om dei utfordringane kulturlivet lokalt og regionalt står overfor i vår tid. I november vart det arrangert eit festivalforskarseminar der også andre forskarar som arbeider med festivalar og lokal kultur som forskningstema, var inviterte. Prosjektet vart presentert på Nordisk konferanse for kulturpolitisk forskning i Bø og på NOKUs årskonferanse i Arendal.

Evaluerings- og utgreiingsarbeidet til Kulturrådet blir utforma på ein måte som gjer forskingsbasert kunnskap til eit nyttig og relevant verkty for Norsk kulturråd og for kulturlivet elles. Kulturrådet er forplikta til å gjennomføre evalueringar av prosjekt som har fått støtte på over éin million kroner. Evalueringane gjev rådet kunnskap om resultat og erfaringar frå forsøksprosjekt og fleirårige program som Kulturrådet har vore med på å finansiere. Publikasjonane er tilgjengelege både i trykt form og som filer som kan lastast ned frå nettsidene til Kulturrådet.

## Publikasjonar 2007:

Mie Berg Simonsen i samarbeid med Marit Paasche og Åslaug Krokan Berg: *Å bevare det flyktige. En utredning om et nasjonalt arkiv for videokunst*. Rapporten skisserer korleis arbeidet med å sikre og bevare norsk videokunst bør organiserast.

Tone Ydse: *Museum, arkiv og samfunn*. Rapporten drøftar dei nye utfordringane kulturarvinstitusjonane står overfor. Forfattaren argumenterer for at auka refleksjon og forskning kring omgrepsbruk og verkemåtar kan bidra til utviklinga av den nye samfunnsrolla til kulturarvinstitusjonane.

Ellen K. Aslaksen: *Teater ut til bygd og by?* 2. utgåve. Rapporten er eit bidrag til ei betre forståing av utfordringane for kunstformidlinga. Gjennom konkrete døme blir det kasta lys over problem og moglegheter som kunstlivet møter i arbeidet med å nå ut til nye publikumsgrupper.

Heidi Haukelien: *DUS – Den Unge Scenen. En evaluering*. DUS – Den Unge Scenen – er ein teatermodell som skal heve nivået på ungdomsteater i Noreg gjennom å skape interesse og engasjement for scenekunst blant unge. Målet er å stimulere til auka teaterinteresse blant barn og ungdom ved å tilby spesielskrivne tekstar av høg kvalitet for denne aldersgruppa.

Heidi Haukelien: *Norsk på nytt. En evaluering av prosjektet Norsk i går, i dag, i morgen?* Evaluering av eit treårig pilotprosjekt i regi av Norsk Folkemuseum og Internasjonalt Kultursenter og Museum (IKM). Målet er å starte oppbygging av ei materialsamling som tek vare på minna og erfaringane til innvandrarakar og slik kan bidra til å skape auka forståing av kulturen og levemåten deira.

Mariann Komissar: *Forstyrrelser i nord. En evaluering av Nordland fylkeskommunes prosjekt «Kunstneriske forstyrrelser»*. Kva skjer om ein kunstnar går i tett dialog med eit lokalsamfunn over tid? Kunst i Nordland ønskte å integrere lokale miljø i ein skapande og igangsetjande prosess gjennom prosjektet *Kunstneriske Forstyrrelser* (2003–2006). Resultatet vart nye kunstproduksjonar som relaterte seg til ein særskild stad og til dei prosessane som gjekk føre seg på staden.

Sigrd Røyseng og Heidi Stavrum: *AdOpera!* Prosjektet AdOpera! er eit kompetansehevingsprosjekt for produsentar av moderne opera. I evalueringa diskuterer forskarane korleis målet om kunstnarleg fornying av operakunsten kan handterast i kulturpolitikken.

Mie Berg Simonsen: *Evaluering av Utstyrstøtte til fellesverksteder*. Evaluering av Norsk kulturråds ordning med utstyrsstøtte til fellesverksteder. Utstyrsstøtta på biletkunstheltet vart lagt om i 2003 og har gått frå å vere ei individuell ordning retta mot ein-skildkunstnarar til å bli ei kollektiv ordning, med støtte til innkjøp av utstyr til fellesverksteder.

Kulturrådets FoU-seksjon sette i 2007 i gang eit prosjektet som har som mål å belyse problemstillingar i forholdet mellom kulturpolitikken og det fleirkulturelle kulturlivet. Bakgrunnen for prosjektet var blant anna å samle og syntetisere innsikter frå evalueringane Kulturrådet har gjennomført på det fleirkulturelle området. Professor i sosialantropologi Odd Are Berkaak vart engasjert for å skrive ei bok om kulturelt mangfald i kulturlivet. Boka blir lansert i 2008.

# Disponering av kulturfondet

## Hovudfordeling for Norsk kulturfond 2007

Etter Stortingets budsjettvedtak for 2007 vart det stilt 300 134 000 kr til disposisjon for Norsk kulturfond 2007. Hovudfordelinga vart godkjend ved kongeleg resolusjon av 26.01.2007.

**Tabell 1** Hovudfordeling for Norsk kulturfond 2006 og 2007

Område	Avsetjing 2006	Avsetjing 2007
Litteratur inkl. innkjøp	90 798 000	96 802 000
Tidsskrift	2 809 000	3 809 000
Biletkunst/kunsthåndverk	16 333 000	14 454 000
Musikk	77 267 000	86 787 000
Scenekunst	45 524 000	48 228 000
Kulturvern	15 808 000	8 474 000
Rom for kunst	13 000 000	13 600 000
Barn og unge	9 294 000	11 294 000
Andre formål	16 194 000	16 686 000
<b>SUM</b>	<b>287 027 000</b>	<b>300 134 000</b>

**Tabell 2** Året i tal 2007, samanstilling

Område	Avsetjing	Søknader	Tildelingar	Samla søknadssum
Kulturvern	8 474 000	175	80	41 800 000
Litteratur	96 802 000			
Innkjøpsordningane litteratur 1)	85 500 000	866	474	1)
Produksjons- og prosjektstøtte	11 302 000	306	224	30 792 046
Tidsskrift	3 809 000	79	56	
Scenekunst	48 228 000	991	294	251 146 417
Biletkunst	14 454 000	676	219	76 857 774
Musikk	86 787 000	2 325	783	310 235 702
Rom for kunst	13 600 000	92	43	81 480 282
Andre formål	16 686 000	125	52	52 100 000
Barn og unge	11 294 000	242	121	43 297 454
<b>Sum (inkl. tal innkjøpte bøker)</b>	<b>300 134 000</b>	<b>5 877</b>	<b>2 346</b>	<b>887 709 675</b>
<b>Sum ekskl. innkjøpte bøker</b>	<b>214 634 000</b>			<b>887 709 675</b>

1) Tal i kolonnar for søknader og tildelingar gjeld påmeldingar og innkjøp for innkjøpsordningane.


## Utvikling av Norsk kulturfond 1993–2007

*Heile fondet med unntak av innkjøpsordningane for litteratur.*

*Forholdet mellom søknadssum og tildelingar i Kulturfondet 1993–2007*

**Tabell 3**

	Samla søknadssum	Samla avsetjing	Forholdet mellom tildelingar og søknadssum
1993	264 179 804	77 600 000	29,37 %
1996	402 555 568	118 268 000	29,38 %
1998	464 298 360	125 208 000	26,97 %
1999	500 278 916	126 264 000	25,24 %
2000	542 692 775	160 441 000	29,56 %
2001	646 076 368	168 262 000	26,04 %
2002	617 968 000	166 912 000	27,01 %
2003	631 326 616	172 700 000	27,36 %
2004	694 930 398	182 551 000	26,27 %
2005	775 495 304	189 542 398	24,44 %
2006	713 551 112	203 917 800	28,57 %
2007	887 709 675	214 634 000	24,17 %



**Figur 1** Prosentdel av samla søknadssum som vart gitt i tilskot



## Fylkesvise oversikter og fordelinger


### Fylkesvise oversikter 2001–2007

Tabellen under viser den geografiske fordelinga av Kulturrådet sine tildelingar i forhold til søknadssum i gjennomsnitt frå 2001–2007.

**Tabell 4** Fylke, søknadssum, tildelingar, tildelingar i %

Fylke	Samla søknadssum	Tildelingar	Forhold i prosent
Akershus	49 515 652	7 572 810	15,3
Aust-Agder	6 589 004	1 786 756	27,1
Buskerud	12 296 834	4 010 533	32,6
Finnmark	16 113 733	4 120 251	25,6
Hedmark	11 277 125	2 253 184	20,0
Hordaland	94 633 967	24 917 835	26,3
Møre og Romsdal	14 434 591	2 610 095	18,1
Nord-Trøndelag	8 794 739	1 238 152	14,1
Nordland	35 454 975	8 172 805	23,1
Oppland	17 110 270	3 603 138	21,1
Oslo	371 797 704	94 285 371	25,4
Rogaland	31 256 555	8 266 914	26,4
Sogn og Fjordane	10 583 911	3 019 058	28,5
Sør-Trøndelag	50 778 323	11 744 314	23,1
Telemark	19 937 523	4 919 527	24,7
Troms	24 677 947	5 674 286	23,0
Vest-Agder	15 107 931	3 541 009	23,4
Vestfold	16 975 376	2 905 728	17,1
Østfold	13 587 553	2 354 515	17,3


**Figur 2** Prosentvise tildelingar av søknadssum. Gjennomsnitt for 2001–2007



**Tabell 5** Forholdet mellom tal på søknader og tal på tildelingar i gjennomsnitt i perioden 2001–2007, fordelt på fylke

Fylke	Søknader	Tildelingar	Forhold i prosent
Akershus	343	120	35,0
Aust-Agder	65	30	45,2
Buskerud	124	48	39,1
Finnmark	75	39	52,6
Hedmark	113	44	39,1
Hordaland	591	238	40,2
Møre og Romsdal	113	45	40,3
Nord-Trøndelag	68	28	40,9
Nordland	215	99	46,0
Oppland	139	56	40,4
Oslo	2 156	917	42,5
Rogaland	206	86	41,8
Sogn og Fjordane	83	38	46,2
Sør-Trøndelag	343	139	40,4
Telemark	145	58	40,2
Troms	164	70	42,4
Vest-Agder	113	41	36,5
Vestfold	108	37	33,9
Østfold	115	42	36,2

**Figur 3** Forholdet mellom tal på søknader og tal på tildelingar i gjennomsnitt i perioden 2001–2007



## Fylkesvis fordeling 2007


### Forholdet mellom søknadssum og tildelingssum fordelt på fylke

Tabellen under viser forholdet mellom søknadssum og tildelingssum fordelt på fylke.

Tabell 6


Fylke	Samla søknadssum	Tildelingssum	Forhold i prosent
Akershus	57 105 864	8 656 087	15,15
Aust-Agder	6 608 564	2 095 061	31,70
Buskerud	13 625 792	4 111 232	30,00
Finnmark	17 099 521	6 978 021	40,80
Hedmark	9 464 164	1 436 168	15,00
Hordaland	99 397 601	26 195 842	26,00
Møre og Romsdal	18 678 495	3 234 830	17,00
Nord-Trøndelag	8 196 759	1 680 000	20,50
Nordland	60 669 402	10 243 564	17,00
Oppland	11 865 826	5 922 618	49,91
Oslo	472 748 832	96 735 506	20,00
Rogaland	41 221 837	8 967 334	22,00
Sogn og Fjordane	12 511 674	3 405 653	27,21
Sør-Trøndelag	54 606 952	12 202 946	22,34
Telemark	18 133 997	4 845 763	26,72
Troms	33 806 350	7 600 368	23,22
Vest-Agder	25 581 315	2 559 472	10,01
Vestfold	10 842 593	1 911 600	18,00
Østfold	11 273 304	1 685 000	14,95

Figur 4 Forholdet mellom tildelingar og søknadssum fordelt på fylke



**Tabell 7** Forholdet mellom tal på tildelingar og tal på søknader fordelt på fylke i 2007

Fylke	Søknader	Tildelingar	Forhold i prosent
Akershus	304	97	31,90
Aust-Agder	36	15	41,67
Buskerud	79	24	30,37
Finnmark	90	43	47,77
Hedmark	63	24	38,09
Hordaland	491	207	42,15
Møre og Romsdal	75	26	34,66
Nord-Trøndelag	48	18	37,50
Nordland	174	82	47,12
Oppland	102	56	54,90
Oslo	2 182	938	42,98
Rogaland	188	73	38,82
Sogn og Fjordane	57	31	54,38
Sør-Trøndelag	296	114	38,51
Telemark	92	37	40,21
Troms	142	60	42,25
Vest-Agder	79	23	29,11
Vestfold	78	19	24,35
Østfold	79	24	30,38

**Figur 5** Forholdet mellom tal på tildelingar og tal på søknader fordelt på fylke i 2007

# Administrasjonsutgifter

Driftskostnadene til administrasjonen er i statsbudsjettet ført under kapittel 0320 «Allmenne kulturformål» og post 01 «Driftsutgifter» og dekkjer administrasjon både for Norsk kulturråd, Fond for lyd og bilete i tillegg til Statens kunstnarstipend.

Inntekter blir førte under kapittel 320 «Allmenne kulturformål».

**Tabell 8** Administrasjonsutgifter

Driftsutgifter	Budsjett 2007	Rekneskap 2007
<b>Lønn og godtgjering</b>		
Stillingar	17 070 000	17 215 510
Ekstrahjelp	350 000	304 693
Styre, råd og utval	5 000 000	5 089 217
Trygder og pensjonar	3 162 000	3 058 806
Sum lønn og honorar	25 582 000	25 668 226
<b>Varer og tenester</b>		
Maskiner, inventar, utstyr	815 000	1 070 756
Forbruksmateriell	546 000	487 130
Reiseutgifter m.m.	2 200 000	1 807 099
Kontortenester m.m.	1 820 000	1 571 106
Konsulenttenester	700 000	393 908
Kjøp av byråtenester	520 000	571 770
Vedlikehald og drift av maskiner	542 000	622 245
Vedlikehald av bygg og anlegg	25 000	10 388
Drift av bygningar	5 460 000	5 494 319
Sum varer og tenester	12 628 000	12 028 721
Sum driftsutgifter	38 210 000	37 696 947
<b>Driftsinntekter</b>		
Ymse inntekter	100 000	106 000
Refusjonar (frå EU)	230 000	223 040
Refusjon arbeidsmarknadstiltak	0	1 627
Refusjon fødselspengar	150 000	302 193
Refusjon sjukepengar	400 000	561 477
Sum driftsinntekter	880 000	1 194 337

# Tildelingar og innkjøp i 2007

*Kulturrådet tok til saman imot 5 011 søknader og 866 påmeldte bøker til innkjøpsordningane i 2007.*

## Litteratur

Norsk kulturfonds støtte til litteratur skal sikre eit breiast mogleg tilbod av nye bøker innanfor gjevne sjangrar, av allmenne kulturtidsskrift og nye norske teikneseriar. Tilskota til litteraturføremål skjer først og fremst gjennom faste støtteordningar til ulike boksjangrar. I tillegg kan det gjevast tilskot til ulike litteraturprosjekt. Her blir det lagt vekt på litteraturformidling, forsøk på å nå nye lesargrupper og på nye litterære uttrykksformer. I statsbudsjettet 2007 vart det lagt inn ei ny avsetjing til litteraturfestivalar på 1,5 millionar kr, av dette var 1 million kr friske midlar.

Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur utgjer dei største avsetjingane på litteraturområdet. Etter reglane skal alle bøker som blir vurderte som gode nok, og som elles fell inn under ordningane, kjøpast inn. Tal for 2007 (ikkje alle bøkene er ferdigvurderte av utval og ankenemnder pr. 01.04.2008) viser 205 godkjende bøker for vaksne og 128 for barn og ungdom. Innkjøpsordninga for omsett skjønnlitteratur og innkjøpsordninga for norsk sakprosa er selektive ordningar, noko som inneber at budsjettet avgjer kor mange titlar som kan bli kjøpte inn kvart år. Talet på innkjøpte omsetjingar for 2007 er 71 titlar, av desse kjem sju inn under Mosaikk-ordninga. På sakprosaordninga gav budsjettet rom for innkjøp av 49 titlar. Mandat for evaluering av sakprosaordninga vart utarbeidd hausten 2007.

Rådet har i 2007 gjeve tilskot til fleire tiltak med søkjelys på litteraturkritikk og har delteke i offentleg debatt om innkjøpsordningane. Ei særskild utfordring dei komande åra ligg i korleis støtteordningane, og da særleg innkjøpsordningane, skal tilpassast dei nye e-bøkene og lydbøkene som no kjem for fullt.

## Året i tal

Avsetjing	
2007	kr 96 802 000
	til innkjøp kr 85 500 000
	til prosjektstøtte kr 11 302 000
2006	kr 90 798 000
Søknader	
2007	306
2006	317
Tildelingar	
2007	224
2006	201
Samla søknadssum	
2007	kr 30 792 046
2006	kr 25 003 896

## Midlane vart nytta slik

Innkjøpsordninga skjønnlitteratur, vaksne	36 300 000
Innkjøpsordninga skjønnlitteratur, barn og unge	24 500 000
Innkjøpsordninga, omsetjingar	6 900 000
Innkjøpsordninga faglitteratur, barn og unge	6 400 000
Innkjøpsordninga, sakprosa	10 000 000
Biletbøker for barn	1 300 000
Andre tiltak barnelitteratur	1 302 000
Klassikarar	800 000
Nynorsk litteratur	2 100 000
Teikneseriar	1 500 000
Mosaikk	1 300 000
Litteraturfestivalar	1 500 000
Andre litteraturtiltak	1 500 000
Omsetjarbonus	1 400 000

Samla avsetjing, kr 96 802 000, inkluderer òg tilskot til tverrfaglege prosjekt side 89

## Året i tal – tidsskrift

53 tidsskrift mottok produksjonstilskot i storleiken kr 25 000–135 000. I tillegg mottok Tidsskriftforeningen støtte til fleire prosjekt, blant anna «Tidsskriftdagene 2007».

Avsetjing	
2007	kr 3 809 000
2006	kr 2 809 000
Søknader	
2007	79
2006	67
Tildelingar	
2007	56
2006	50

## Litteratur


Forholdet mellom søknadssum og tildelingar litteratur 1993–2007

NB: Innkjøpsordningane for litteratur er ikkje rekna med.

	Samla søknadssum	Samla avsetjing	Tildelingar i %
1993	11 234 886	6 000 000	53,41 %
1996	14 879 000	6 500 000	43,69 %
1998	13 646 201	6 700 000	49,10 %
1999	13 230 517	6 808 000	51,46 %
2000	12 555 234	6 810 000	54,24 %
2001	12 405 421	6 886 000	55,51 %
2002	15 013 523	8 204 500	54,65 %
2003	18 403 543	8 401 000	45,65 %
2004	16 632 888	10 889 000	65,47 %
2005	29 372 848	10 969 200	37,34 %
2006	25 003 896	10 498 000	41,98 %
2007	30 792 046	11 302 000	34,61 %

## Prosentdel av samla søknadssum som vart gjeven i tilskot

Figur 6 Forhold mellom søknad og avsetjing – Litteratur



# Innkjøpsordningane – litteratur 2007

## Ny norsk skjønnlitteratur for voksne

### Prosa

Forfatter	Tittel	Forlag
Ambjørnsen, Ingvar	En lang natt på jorden	Cappelen
Antologi	Ferskvare	Aschehoug
Antologi	På vannski foran rådhuset	Skrivekunst-Akademiet
Antologi	Helt øverst bak havet	Margmedia
Antologi	Pilot	Damm
Antologi	Signaler	Cappelen
Arntzen, Trond	Du er ikke den eneste	Aschehoug
Arvola, Ingeborg	40 postkort	Cappelen
Austigard, Edmund	Taxi for B.A. Beckstrøm - eller kunstn å danse på furu	Samlaget
Belsvik, Rune	Kommoden	Cappelen
Berg, Bjørnar	Circulus	Transit
Berglund, Ingrid	Lykkeformelen	Kagge
Bjørnstad, Kjetil	Elven	Aschehoug
Bottolvs, Bjørn	Døde vitner lyver ikke	Kolon
Brekke, Eldbjørg	Blenda	Samlaget
Brodin, Elin	Bivirkninger	Juritzen
Brustad, Sturle	Anarchy in Åmot	Gyldendal
Brønne, Kari Fredrikke	Av en annen verden	Aschehoug
Bugge, Mikkel	Yttersider	Oktober
Bull-Hansen, B. Andreas	Evercity, bd 3	Cappelen
Bø, Victoria	Tårnseilere	Gyldendal
Celasin, Izzet	Svart himmel, svart hav	Gyldendal
Christiansen, Rune	Fraværet av musikk	Oktober
Claussen, Morten	Mariam	Solum
Dahl, Kjell Ola	Svart engel	Kagge
Dalbak, Tom H.	Maria med svibel i regn	Piratforlaget
Damhaug, Torkil	Se meg, Medusa	Cappelen
Daidsen, Trond	Holger Hansens historie	Oktober
Egeland, Tom	Paktens voktere	Aschehoug
Enger, Cecilie	Himmelstormeren	Gyldendal
Faldbakken, Knut	Tyvene	Gyldendal
Fjellheim, Freddy	Bjarte Engers livegenskap	Cappelen
Flatjord, Robert Reed	Edward Nansen	Damm
Flock, Willy/Rolf Magne Fredheim	Notater fra klasserommet	Falken
Forfang, Åsmund	Den første sidan Sigurd	Samlaget
Fosse, Jon	Andvake	Samlaget
Fossum, Karin	Den som elsker noe annet	Cappelen
Frydenlund, Jens	Adresse Oslo Vest	Gyldendal
Garté, Tiger	Burnout	Aschehoug
Gjeitanger, Anne	Juni, september, oktober, mai	Oktober
Grimrud, Beate	Søvnens lekkasje	Cappelen
Grip, Johann	Reisen fra Karawankene	Damm
Grytten, Frode	Rom ved havet, rom i byen	Samlaget
Grønner, Erik	Brent B	Gyldendal



Forfatter	Tittel	Forlag
Gunnerud, Jørgen	Høstjakt	Kolon
Hagen, Oddmund	Vinterbarn	Samlaget
Hagerup, Klaus/Nordberg, Nils	Siste akt	Gyldendal
Hagerup, Linde	Ikke sant	Damm
Halberg, Jonny	All verdens ulykker	Kolon
Halnes, Geir	Hils hvis du ser meg	Oktober
Hammer, Rikart	Hunden som var Torsdag	Gyldendal
Hanssen, Sigrid Merete	Sprang	Samlaget
Harstad, Johan	Hässelby	Gyldendal
Haslund, Ebba	Sekskanten	Aschehoug
Heivoll, Gaute	Doktor Gordeau og andre noveller	Tiden
Henriksen, Gunnar	Oxrana	Wigestrand
Henriksen, Levi	Trekkspilltvillingene - lettlest	Gyldendal Barn & Ungdom
Hjorth, Vigdis	Hjulskift	Cappelen
Hollen, John	Mammoms barn	Communicatio
Holte, Kristin Tosterud	Et grådig liv	Cappelen
Horge, Arne	Eg gjekk upp Karl Johan	Boksmia
Horst, Jørn Lier	Den eneste ene	Gyldendal
Horvei, Nils	Sølpilene	Tiden
Ingvaldsen, Bjørn	Ungkarsfestivalen	Wigestrand
Jacobsen, Roy	Marions slør	Cappelen
Jakhelln, Cornelius	Gudenes fall	Cappelen
Jason	Jeg drepte Hitler - teikneserie	Schibsted
Johansen, Frode	Gutten som sa nei og andre noveller	Tiden
Johansson, Jens M.	En liten historie om lengsel	Tiden
Jørgensen, Jan Christian	I dronningens grep	Gyldendal
Karlsvik, Mette	Flytårn	Samlaget
Kirknes, Elizabeth	Tilnærmet lik midlertidig	Juritzen
Kittelsen, Erling	Stående hukommelse	Aschehoug
Kjørsvik, Joakim	Åpenbart ingen nabo	Damm
Kolloen, Ingar Sletten	Den fjerde engelen	Gyldendal
Kristensen, Monica	Hollendergraven	Press
Kriznik, Heidi Marie	Borte en vinter	Oktober
Kverneland, Steffen/Lars Fiske	Kanon 2 - teikneserie	No Comprendo
Langeland, Henrik H.	Francis Meyers lidenskap	Tiden
Larsen, Vetle Lid	Norske helter	Cappelen
Liabø, Marita	Hoppe naken	Gyldendal
Lie, Sissel	Maske for et ukjent ansikt	Gyldendal
Lindell, Unni	Honningfellen	Aschehoug
Lindkvist, Ellisiv	Alt jeg skriver om er sant	Damm
Lindstrøm, Merethe	Gjestene	Aschehoug
Linnestå, Aasne	Krakow	Aschehoug
Loe, Erlend	Muleum	Cappelen
Løkkeberg, Vibeke	Allierte	Aschehoug
Lønnebotn, Ingri	Megrez	Vigmostad & Bjørke

## Prosa

Forfatter	Tittel	Forlag
Mehlum, Jan	For Guds skyld	Gyldendal
Michelet, Jon	Havets velde	Oktober
Mutajev, Musa	Kuntas skygge	Communicatio
Nesbø, Jon	Snømannen	Aschehoug
Nilstun, Ragnhild	Min lange reise ender her	Aschehoug
Næss, Jan Christopher	Det begynner med sex og ender med døden	Gyldendal
Olafsen, Erik Bakken	Turisten	Gyldendal
Olsen, Pål Gerhard	I den røde solens lys	Gyldendal
Orten, Øystein	Rabarbrakrigen	Samlaget
Pedersen, Camilla Ø.	Da tigerne røkte	Damm
Persson, Per Andreas	Gud er glad i Norge	Tiden
Ragde, Anne B.	Ligge i grønne enger	Oktober
Raknerud, Nils Amund	Min venn utlendingen	Kolofon
Ravatn, Agnes	Veke 53	Samlaget
Refsum, Christian	Ingen vitner for vitnet	Oktober
Rishøi, Ingvild Hedemann	La stå	Gyldendal
Rotevatn, Siv Kristin	Vardøger	Kolon
Sagen, Rolf	Kraftverk	Samlaget
Samuelson, Bjarte	Tilsynekomst	Aschehoug
